



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 26.01.2023 kl. 17:15-20:10

Stad: ASKVOLL

Frammøtte medlemmer:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem (Deltok ikkje i handsaminga av sak SR 2023/9)
Lillian Gjervik	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:

Ingvild Loftheim	Varamedlem
Stine Solheim Rørvik	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Terje Mork	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Kristin Yndestad	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2023/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2023/2		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 13.12.2022	RUNE ZIENER
SR 2023/3		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2023/4		Kandidatforslag - lek medlem i bispedømmerådet/Kyrkjemøtet	RUNE ZIENER
SR 2023/5		Offerlister 2023	RUNE ZIENER
SR 2023/6		Møteplan 2023	RUNE ZIENER
SR 2023/7		Tilsetting av sokneprest i Askvoll	RUNE ZIENER
FR 2023/8		Budsjett 2023	RUNE ZIENER
SR 2023/9		Kyrkjevalet - Informasjons- og kommunikasjonsplan	RUNE ZIENER
FR 2023/10		Tilbygg Vilnes kyrkje - usemje om kontraktsendringar og oppgjer	RUNE ZIENER

Askvoll, 26.01.2023

Rune Ziener
referent

SR 2023/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Kyrkjeverja meldte inn to nye M-saker, samt førespurnad om ikkje-innmeldt sak kunne takast opp til handsaming.

Soknepresten meldte inn ei munnleg orienteringssak under evt.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre, med dei tileggssakene som vart innmeldt i møtet.

SR 2023/2 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 13.12.2022

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 13.12.2022.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 13.12.2022, og tek til orientering at sakstittel har feil møtedato (korrigert i denne protokollen).

SR 2023/3 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 01/23 Møtereferat Holmedal kyrkjelydsutval (10.01.23)

M 02/23 Eventuelt

-Soknepresten orienterte munnleg om svar frå biskopen om gudstenesteordninga og gjeldande praksis i Askvoll.

M 03/23 Møtereferat Askvoll kyrkjelydsutval (23.01.23)

M 04/23 Møtereferat Kvammen kyrkjelydsutval (23.01.23)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, med følgjande presisering:
Til M-sak 01/23, med innspelet om ønskje om åpen kyrkje som fast ordning, vert kyrkjeverja bedt om å lage sak om dette til seinare handsaming.

SR 2023/4 Kandidatforslag - lek medlem i bispedømmerådet/Kyrkjemøtet

UTGREIING

Valrådet i Bjørgvin bispedømme ønskjer kandidatforslag på lek medlem i bispedømmerådet (sjå vedlagde skriv). Sokneråda i bispedømmet er oppmoda om å sende inn forslag på inntil fire kandidatar som seier seg villig til å stå på lista. Frist for innsending er **1. februar**.

Kandidatar kan vere busett i kva sokn som helst i bispedømmet, men kan ikkje vere valbar som prest eller lek tilsett.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Det kom inn tre moglege kandidatforslag i møtet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer å sende inn *eitt* kandidatforslag til nominasjonskomitéen, og dei tre moglege kandidatane som vart føreslege vart sett opp i prioritert rekkjefølgje.
2. Kyrkjeverja spør dei moglege kandidatane om dei er villige til å la seg nominere.

SR 2023/5 Offerlister 2023

UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 31. januar 2023. Ein må vedta offerliste for ei ny periode.

Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet frå alle. Gudstenestelista t.o.m. 28. mai 2023 er fastsett.

Kirke	Dato	Tid	Dag	Liturgi	Offerformål
Askvoll kyrkje	05.02.2023	11:00	Søndag	Familiegudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	26.02.2023	17:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Askvoll kyrkje	12.03.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste	Leger Uten Grenser
Askvoll kyrkje	26.03.2023	17:45	Søndag	Gudsteneste	KFUM/KFUK Sogn og Fjorande
Askvoll kyrkje	06.04.2023	18:00	Torsdag	Nattverdsgudsteneste utanom høgmessa	Olset Bedehus
Askvoll kyrkje	09.04.2023	17:00	Søndag	Høgtidsgudsteneste	Askvoll kyrje
Askvoll kyrkje	16.04.2023	11:00	Søndag	Familiegudsteneste	Laurdagsklubben i Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	07.05.2023	11:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Kyrkjeblad for Askvoll
Askvoll kyrkje	17.05.2023	10:00	Onsdag	Familiegudsteneste	Kirkens SOS i Bjørgvin
Askvoll kyrkje	28.05.2023	11:00	Søndag	Høgtidsgudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	26.02.2023	10:15	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Bulandet kapell	12.03.2023	17:00	Søndag	Gudsteneste	Fiskarheim i Bulandet
Bulandet kapell	09.04.2023	10:15	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjeblad for Askvoll
Bulandet kapell	20.05.2023	12:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudsteneste	Bulandet kapell
Holmedal kyrkje	22.02.2023	19:00	Onsdag	Forbønsgudsteneste	Yngres i Holmedal
Holmedal kyrkje	05.03.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd	Kyrkjelydsarbeid
Holmedal kyrkje	08.04.2023	22:00	Lørdag	Gudsteneste	Kyrkjeblad for Askvoll
Holmedal kyrkje	16.04.2023	15:00	Søndag	Familiegudsteneste	Det Norske Misjonsselskap
Holmedal kyrkje	30.04.2023	11:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Holmedal bedehus
Holmedal kyrkje	17.05.2023	11:15	Onsdag	Familiegudsteneste	Holmedal kyrkje
Kvammen kapell	12.02.2023	11:00	Søndag	Familiegudsteneste	Flyktningehjelpen
Kvammen kapell	05.03.2023	19:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd	Alværa Misjonssenter
Kvammen kapell	02.04.2023	11:00	Søndag	Familiegudsteneste	Gravferdskappe Kvammen
Kvammen kapell	21.05.2023	12:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Kvammen kapell
Vilnes kyrkje	12.02.2023	18:00	Søndag	Musikkandakt	Kirkens Bymisjon, Bergen
Vilnes kyrkje	19.03.2023	11:00	Søndag	Gudsteneste med nattverd	Kyrkjelydsarbeid
Vilnes kyrkje	09.04.2023	15:00	Søndag	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	06.05.2023	11:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudsteneste	Vilnes kyrkje

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for februar t.o.m. mai som føreslege i vedlagte gudstenesteliste.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for februar t.o.m. mai som føreslege i vedlagte gudstenesteliste.

SR 2023/6 Møteplan 2023

UTGREIING

Det er vedteke ein møteplan for første halvår 2023.

Saksutgreiinga påpeikte at planen måtte verte justert etter at fristar vedrørande kyrkjevalet vart kunngjort (og dei ligg føre no).

Nødvendige vedtakssaker 2023:

Kyrkjevalet	Anna drift	Frist	Underliggjande frist	Forslag møtedato
	Vedtak av årsrekneskap og årsmelding	20. mars	22. februar	28. februar
Godkjenne innkome vallister		2. mai	31. mars	18. april
Frist for godkjenning ved evt. supplerande nominasjon		22. mai	15. mai	16. mai
Fastsette tider og stader for førehandsstemming og valting		1. juni		
Oppnemne stemmemottakarar til førehandsrøysting		1. juni		
	Vedtak offerliste for sommar/haust	1. juni		
Oppnemne stemmestyrer/andre valfunksjonærar		Ca. 30. august (seinast 8. sept)		29. august
Nødvendige fullmakter til leiar i valstyret om prøving av kurrante førehandsstemmer		8. september		
Valtinget og valoppgjør		11. /13. september		11. september
	Budsjettforslag og økonomiplan	Ca. 17. oktober		10. oktober
Konstituerande møte nytt SR		31. oktober		

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek justert møteplan slik den ligg føre i forslaget.
2. Leiar i soknerådet har fullmakt til å gjere justeringar i planen.

MØTEHANDSAMING

Innspel vart sett fram i møtet om at 16. mai kan vere ein uheldig møtedato, og at maimøtet vert sett til 15. mai i staden.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek justert møteplan slik den ligg føre i forslaget, men med endring av at maimøtet vert 15. mai i staden for 16.mai.
2. Leiar i soknerådet har fullmakt til å gjere justeringar i planen.

SR 2023/7 Tilsetting av sokneprest i Askvoll

UTGREIING

Prosessen med tilsetting av ny sokneprest i Askvoll er no i gang. Bispedømmet tek sikte på utlysing av stillinga 10. februar og tilsettingsvedtak i bispedømmerådet 29. mars.

Følgjane forslag til utlysingstekst er oversendt til soknerådet til uttale:

Sokneprest i Sunnfjord prosti med Askvoll sokn som tenestestad

Askvoll kommune er ein vakker og vital kystkommune med om lag 3000 innbyggjarar. Det er eit sokn i kommune og soknerådet har difor både sokneråd- og fellesrådsfunksjon. Det er gode kommunikasjonar til og frå kommunen med hurtigbåt til Bergen og flyplass på Bringeland om lag ein times køyring frå Askvoll. I Sunnfjord prosti er det 15 prestar. Prosten leier prestetenesta i prostiet og vi har regelmessig fagsamlinger.

I Askvoll sokn er dei tre kyrkjene Askvoll, Holmedal og Vilnes kyrkjer - samt kapella i Bulandet og i Kvammen faste gudstenestestader.

Båtreise med ferje eller skyssbåt til nokre av tenestene høyrer med. I soknet er også bedehuskapella i Værlandet og Stongfjorden, desse vert mellom anna nytta til gravferder og konfirmasjonar. Askvoll kyrkje og Kvammen kapell har blitt sett i svært god stand og høver svært godt til aktivitetar i trusopplæringa og liknande formål.

Konfirmantundervisninga er lagt til Askvoll kyrkje og er felles for heile kommunen. Mykje av det andre arbeidet hender lokalt.

Ved alle kyrkjene og i Bulandet og Kvammen kapell er det kyrkjelydsutval som deltek lokalt med dugnad i det kyrkjelege arbeidet. Det er stor oppslutnad om kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon og gravferd. Til vanleg er det to gudstenester i Askvoll kyrkje kvar månad, samt gudsteneste i Vilnes, Holmedal, Bulandet og Kvammen.

Soknepresten i Askvoll samarbeider med sokneprestane i Fjaler og Hyllestad, og får elles assistanse til gudsteneste og kyrkjelege handlingar. Statistikken for dei fire siste åra syner at det var i snitt pr år 75 gudstenester, 26 døypte, 27 konfirmerte, 5 vigde og 40 gravlagde.

Kyrkjekontoret ligg i Askvoll sentrum og har i tillegg til sokneprest: kyrkjevevjer, organist, sekretær og kyrkjelydspedagog ; i alt 3,80 årsverk. Det er også tilsett kyrkjetenarar og i fleire av kyrkjene klokkar. Presten gjer teneste med andakt og besøk på Askvoll sjukeheim i samarbeid med organist. Askvoll har eit samarbeidsprosjekt om musikkterapi ved sjukeheimen i tillegg til dei vanlege andaktane.

Askvoll prestegard er i bruk som prestebolig og i god stand. Den kan

leigast til bustad.

Personlege eigenskapar

Vi søker etter ein prest som vil vere ein tydeleg pastoral leiar for kyrkjelydane gjennom fokus på gudsteneste og trusopplæring. som har evne til å formidle evangeliet til ulike aldersgrupper og kommunisere godt med konfirmantar som vil vere aktivt med i utvikling av det kyrkjelydsbyggande arbeidet i bygdene i lag med frivillige. erfaring med arbeid i små bygdesamfunn er ein fordel

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak utlysingsteksten som den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Arnt Johny Langeland om at ein har med følgjande tilleggspunkt:

- soknepresten deltek i kommunen sitt psykososiale kriseteam
- trusopplæringsplan og trusopplæring er eit satsingsområde

Forslag frå Jostein Gryte om at ein har med følgjande tilleggspunkt:

- peike på moglegheitene i kommunen for friluftsliv

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak utlysingsteksten som den ligg føre, men spelar inn dei tre tilleggspunkta som vart føreslege i møtet.

FR 2023/8 Budsjett 2023

UTGREIING

Etter økonomiforskriften § 8, 2. ledd skal organ for soknet på kommunenivå, kvart år vedta eit budsjett.

Etter første ledd skal årsbudsjettet vere ein bindande plan for soknet sine midlar.

Askvoll sokn har separate investerings- og driftsbudsjett.

Del 1 Investeringsbudsjettet

Det ligg inne fire investeringsprosjekt i 2023 i soknet utanom pliktig eigenkapitalinnskot til KLP etter kommunen sitt budsjettvedtak.

Prosjekt 1013 Rehabilitering Holmedal kyrkje

Kontrakt til Froan er tildelt hausten 2022 som vant tilbodskonkurransen.

Kontraktssum er sett til kr 4 750 000,- med innlagt margin og forutsett at koparrenner vert erstatta med aluminiumsrenner (noko som seinhaustes er godkjent av Riksantikvaren).

Det er noko uvisst kor mykje som vil gå med til konsulentkostnad på resterande del av prosjektet, men i budsjettforslaget er det sett opp kr 70 000,-.

I budsjettet ligg prosjektdel 1+2, som betyr at heile ytterskalet til kyrkja er omfatta, men førebels er HC-tilkomst til bygget halde utanfor. Her føreligg i skrivande stund ingen føreslege eller godkjent løysing.

Prosjekt 1020 Rullestolheis/HC-tilkomst til Askvoll kyrkje

Prosjektet er vidareført frå 2022 då det ikkje vart realisert.

Pr. i dag ligg det ikkje føre nokon vedteke teknisk løysing, men dette må ein få på plass i løpet av året.

Stipulert ramme er kr 100.000,-

Prosjekt 1021 Ovnar og belysning Vilnes kyrkje

Prosjektet er vidareført frå 2022.

Utskifting av dei gamle rørovnane i Vilnes er godkjent av Riksantikvaren, og Askvoll sokn har motteke tilskot på inntil kr 205.000,- til dette.

Ovnane har vore i bestilling i om lag eitt år, og forventa leveranse er i februar 2023.

Ein har fått innvilga tilskot frå Riksantikvaren på inntil kr 205 000,- til tiltaket, men skifte av belysning er ikkje omfatta av ordninga, så det er kun ovnane som vert utskifta med nye benkevarmarar, finansiert med statlege midlar frå Riksantikvaren.

Det er lagt inn ein margin på kr 50.000,- til uføresett i dette prosjektet i budsjettforslaget.

Prosjekt 10xx Drenering Askvoll kyrkjegard

Kommunen har løyvd kr 100 000,- til å få på plass ei tilstrekkeleg dreneringsløysing på dei nye felta på Askvoll kyrkjegard, der dreneringa ikkje fungerer etter utvidinga.

Det ligg ikkje føre eit fullstendig løysingsforslag, men graveentreprenør meiner det vil vere mest fornuftig å «prøve seg fram».

Evt. konkurranseutsetjing vil verte vurdert seinare i budsjettåret.

Del 2 Driftsbudsjettet

Når det gjeld driftsbudsjettet, ligg ein an til ein betydeleg svekka økonomisk situasjon samanlikna med 2022 og tidlegare år.

Særleg tre forhold kan leggast til grunn for dette (utanom ordinær lønnsvekst):

1) Kommunal rammeløyving:

Nedtrekk i kommunal rammeløyving på kr 125.000,- samanlikna med innsendt budsjettforslag/førebels budsjett for 2023.

2) Kraftig auke i straumpris:

Askvoll sokn har i mange år hatt svært låge utgifter for straum. I tidlegare år er dette p.g.a. svært gunstig straumavtale, og lenge i 2022 var straumprisane historisk låge i sone Midt-Norge, noko som snudde i desember 2022.

I lang tid har soknet hatt ein årleg straumkostnad på i noko i overkant av kr 100.000,- pr. år.

Ein hadde budsjettert med straumkostnad kr 118.000,- for 2022, og pr. november var det brukt ca. kr 148.000,-. Då rekninga for desember kom, var denne på om lag kr 79.000,- + MVA. Dette fører altså til eit meirforbruk på nær kr 110.000,- på straum.

Kraftleverandør oppgir i januar at snittprisen (spot) vil kunne vere ca. 60 øre/kWh ut frå prognosane for 2023, mot ca. 40 øre/kWh som var snittprisen i 2022.

Om prognosene slår til, vil ein for soknet kunne forvente ein kostnad for 2023 på om lag kr 272.000,-, altså ein auke på om lag kr 155.000,- samanlikna med budsjettal for 2022.

3) Trusopplæring:

Soknet har i fleire år hatt eit større bunde fond til trusopplæring, primært p.g.a. vakant pedagogstilling i fleire år. Etter 2022 vil fondet vere oppbrukt.

Ein vil få eit tilskot til trusopplæring på kr 364.000,- i 2023 frå rettssubjektet Den norske kyrkja. Dette tilskotet er marginalt oppjustert med 1,47% i 2023, og ein vil måtte bruke heile dette på lønn og sosiale utgifter for kyrkjelydspedagogstillinga.

Utgifter ut over dette til aktivitet og tiltak, må ein finansiere på anna måte. Sjølv med redusert aktivitetsnivå samanlikna med 2022 (der det var svært mykje aktivitet – særleg med ungdomsarbeidet), ser det ut som at ein manglar om lag kr 105.600,- for å balansere tenesta.

Konklusjon:

Med punkta over som føresetnad, er det sett opp eit budsjettforslag med underfinansiering på om lag kr 367.000,-. Eit budsjett skal vere i balanse, og kyrkjeverja ber soknerådet vurdere på kva område ein bør føreta kutt/inntektsauke for å sikre ei økonomisk forsvarleg drift av soknet. I forslaget er det ikkje lagt inn utgift til ordinært vedlikehald av kyrkjene.

Døme på kutt kan vere:

-Straumsparepakke

-Redusert tidsbruk for reinhald og førebuing framfor arrangement i kyrkjene og på kyrkjekontoret

-Kutt i avtale om plenvedlikehald på Vilnes kyrkjegard

- Redusert vikarbruk for kyrkjegardsarbeid
- Auka bruk av robotklipparar
- Ikkje bruk av vikar for kontor i gudstenester i samband med frihelgar, feriar m.v.
- Kutt i møtegodtgjersle til soknerådet

-Givarteneste

Ein bør kunne få på plass ei givarteneste i soknet for å få opp inntektene. Trusopplæringa vil kunne vere eit høveleg formål.

«Øksekomité»

Når soknerådet har sett seg ut ulike område der ein kan kutte utgifter eller auke inntekter, bør det vere ein komité som ser på konkret gjennomføring. Dette kan vere soknet sitt arbeidsutval, evt. supplert med fleire medlemmer. I det nedanståande er det forutsett vidareført driftsnivå frå 2022.

2.1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

2.1.0 Utgifter

2.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, frå 2022.

Samla budsjettert utgift til lønn og sosiale utgifter for 2023 er kr 3.165.750,-. Opp kr 181.632,- frå førebels rekneskap 2022. Her er lagt inn 3,8% lønnsvekst i 2023, og det er brukt 18% sats i arbeidsgivarandelen til KLP.

Ein annan grunn til denne relativt store auken er at soknet hadde 2,5 mnd vakanse i kontorstillinga i 2022, og ein har fullårs tilsetting i 2023.

2.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 1.253.000,-, som er opp kr 203.000,- samanlikna med økonomiplanvedtaket, der hovuddelen av auken her skuldast langt høgare forventa straumkostnad enn tidlegare forutsett.

Det er føreslege brukt kr 35.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan i 2022 (til leasingavtale for plenetraktor og fornying av datautstyr). Dette er ned kr 115.000,- samanlikna økonomiplanforslaget. Då ligg det ikkje inne nokon uføresettpost til vedlikehald som ein normalt har.

Det er lagt inn fondsfinansiert lydisolasjon til Kvammen kapell med kr 32.000,-.

VU-plan 2023	Utgift over ordinær drift	Utgift fondsfinansiert
Fornyng datautstyr	10 000	
Leasingavtale plenetraktor	25 000	
Lydisolering Kvammen		32 000

2.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 14.000,- til eigenkapitalinnskot for pensjon.
 - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
 - Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 94.000,-

I tillegg kjem MVA med kr 220.000,-

2.2.0 Inntekter

2.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying.

Festeavgift

Det er registrert ca. 210 festeutløp i 2022, med tilbud om fornying i 2023. Dette er lågare enn talet for 2021, der det var om lag 40 fleire utløp.

Om ein framleis legg til grunn 80% fornyingsgrad av festa (altså 168 graver), vert stipulert for inntekt for festeavgift i 2023 sett til kr 230.000,- altså noko mindre enn budsjettert for 2022.

Betaling for kyrkjelege tenester

Med verknad frå mai 2021, har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester.

I budsjettet er lagt inn ein inntekt på kr 8.000,- her på preludering.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 12.000,-.

Vidare er det stipulert kr 5.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Frå 2022 har ein også hatt utleige av kontor til korverksemd. Her er sett kr 40.000,- i inntekt for dette.

Total eigeninntekt er sett til kr 295.000,-.

2.2.2 Refusjonar og overføringar

Det er lagt inn eit stipulat på kr 50.000,- i sjukelønnsrefusjon.

Kompensert MVA utgjer i forslaget kr 220.000,-

2.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjettvedtak for 2023, kr 3.892.000,- som altså har eit nedtrekk på kr 125.000,-.

2.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 20.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Prosjektet «Musikkdiakoni i Askvoll» er innvilga tilskot på kr 80.000,- frå helse- og omsorgsetaten i Askvoll kommune gitt over 3 år.

Her er lagt inn kr 30.000,- tilskotssum for 2023.

Samla tilskot og gåver: kr 50.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)	Budsjett 2023	ØP 2023
<i>Utgifter</i>		
Lønn og sosiale utgifter	3 165 750	3 041 000
Vare- og tenestekjøp utanom VU-plan	1 253 000	1 050 000
VU-plan utanom fondsfinansierte tiltak	35 000	150 000
Refusjonar og overføringar	94 000	95 000
<i>Sum utgift</i>	<u>4 547 750</u>	<u>4 336 000</u>
<i>Inntekt</i>		
Brukarbetaling, sal, avgifter	-295 000	-247 000
Refusjonar og overføringar	-50 000	-29 000

Rammetilskot eigen kommune	-3 892 000	-4 017 000
Andre tilskot og gåver	-51 000	-43 000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 288 000</u>	<u>-4 336 000</u>
<i>Diff</i>	259 750	0

2.3 Hovudkapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

Heller ikkje dette hovudkapitlet er budsjettert i balanse (gjeld trusopplæringa).

Ein kan prøve å auke inntektssida her framfor å redusere aktivitet. Det kan vere:

- Innføre ordning med fast givarteneste
- Auke andelen kyrkjeofringar til eiga verksemd
- Bruke «Julegåveaksjonen» til kyrkjelydstiltak
- Auke eigenbetalingar for tiltak

2.3.1 Generelt kyrkjelydsarbeid

Her ligg hovuddelen av kyrkjeofringane. Kr 100.000,- er lagt inn som offerinntekt som vert overført til andre.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er tenkt gjennomført også i 2023, og her er stipulert inntekt kr 40.000,-,

Ofringar til eige arbeid er lagt inn med kr 20.000,- som finansierer ulike kyrkjelydstiltak og materiell (kyrkjekaffi, kyrkjemusikalsk arbeid, etc.), og det er ført opp kr 10.000,- i gåver/tilskot og deltakarbetaling.

Det er stipulert ei inntekt til eiga arbeid her på kr 30.000,-

Deltenesta er budsjettert i balanse med ramme kr 170.000,- ekskl. MVA.

2.3.2 Trusopplæring

Her er lagt inn grunnkostnaden for kyrkjelydspedagog finansiert med trusopplæringsmidlar frå det nasjonale rettssubjektet Dnk, men ein manglar kr 36.000,- for å finansiere stillinga med trusopplæringstilskot.

Andre utgifter til trusopplæringa (i all hovudsak aktivitet og materiell) er sett til kr 104.600,- Delfinansiering av dette med deltakarbetaling og kyrkjeofringar er sett til kr 35.000,- og ein manglar såleis 69.600,- her.

Total underfinansiering av trusopplæringa i budsjettoppsettet er altså kr 105.600,- på trusopplæring, og deltenesta er ikkje budsjettert i balanse.

Ein må finne ei løysing for å få denne deltenesta i balanse.

2.3.3 Kyrkjeblad

Det er teke utgangspunkt i 3 utgåver av kyrkjebladet i 2023, som tidlegare vedteke, med kostnad på omkring kr 70.000,- ekskl. MVA. Dette vert finansiert med bladpengar, annonsar og kyrkjeofringar og budsjettert i balanse.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett som føreslege.
2. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2023 med følgjande prioriterte innsparingar for å få eit budsjett i balanse:
X
X
X
(...)
3. Ein etablerer snarast ei givarteneste med trusopplæringa i Askvoll som givarformål.
4. Arbeidsutvalet, evt. supplert med fleire medlemmer utgjer «øksekomitéen» som utformer forslag til konkretisering av innsparingstiltak.

MØTEHANDSAMING

Soknerådet sette opp ei liste med tiltaksområde for å redusere driftsutgifter og auke driftsinntekter for å få driftsbudsjettet i balanse.

Det vart sett måltal for kvart område, som "øksekomitéen" arbeider vidare med å konkretisere, før ny handsaming i rådet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett som føreslege.
2. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2023 med følgjande prioriterte innsparingar for å få eit budsjett i balanse:

Forvaltingsdelen	261 750
-------------------------	----------------

Straumsparepakke	-100 000
Kutt i møtegodtgjersle for soknerådet	-45 000
Effektivisering og innsparing på kyrkjegardsdrift	-80 000
Effektivisering lønn kyrkje (t.d. innføre maks tidsbruk til førebuing før arrangement til reinhald m.v.)	-80 000
Ikkje organistvikar på gudstenester i fast organist sitt fravær	-20 000
Auke vedlikehaldet	63 250
<u>Sum</u>	<u>-261 750</u>

Trusopplæring	105 600
----------------------	----------------

Givarteneste	-50 000
Kyrkjeofringar	-20 000
Julegåveaksjonen	-10 000
Bruk av fond til kyrkjelydsarbeid	-25 600
<u>Sum</u>	<u>-105 600</u>

3. Ein etablerer snarast ei givarteneste med trusopplæringa i Askvoll som givarformål.
4. Arbeidsutvalet, evt. supplert med fleire medlemmer utgjer «øksekomitéen» som utformer forslag til konkretisering av innsparingstiltak.

SR 2023/9 Kyrkjevalet - Informasjons- og kommunikasjonsplan

UTGREIING

Valstyret bør innan 1. februar i valåret lage ein kommunikasjonsplan, der kunngjeringsinnhald og -form vert fastsett.

Nedanfor ei ein minimumsplan med kunngjeringskrav.

Kunngjeringspunkt	Kanal	Frist
Tidleg generell informasjon om kyrkjevalet	Kyrkjeblad. Julenummer	-
Verve-/rekrutteringskampanje	Heimeside, FB Brosjyre i kyrkjene	1. februar
Kunngjere krav til listeforslag	Heimeside FB (Felles)annonse i Firda Kyrkjene	1. februar
Kunngjere/offentleggjere innkomne listeforslag	Heimeside FB	Etter kvart som dei kjem inn (før 31. mars)
Kunngjere vallister og valform	Heimeside FB Kyrkjene (Felles)annonse i Firda	2. mai
Kunngjere eventuell supplerande nominasjon til SR-val (gjeld ikkje sokn som har forholdstalsval)	Heimeside FB	2. mai
Kunngjere endelege vallister ved evt. supplerande nominasjon	Heimeside FB	22. mai
Kunngjere tid og stad for valet, samt førehandsstemming	Heimeside FB Kyrkjene (Felles)annonse Firda	10. august
Kunngjering av valresultat (SR-val)	Heimeside FB	13. september

I tillegg til fastsette fristar og formelt riktig kunngjering (som ein i Askvoll sokn bør legge til grunn er tilstrekkeleg på soknets heimesider – med unntak av lokalavisannonsar merka med feit skrift, som er eit formalkrav i kyrkjevalreglene § 4-1 (2)), bør ein legge til rette for utvida kommunikasjonsarbeid, særleg for å nå moglege listekandidatar og for å nå veljarane med praktisk valinformasjon og kandidatinformasjon.

INNSTILLING

1. Valstyret (Askvoll sokneråd) vedtek føreslege informasjons- og

kommunikasjonsplan for kyrkjevalet 2023.

2. Kyrkjeverja er informasjons- og kommunikasjonsansvarleg for kyrkjevalet på valstyret sine vegner.

3. Kyrkjeverja arbeider vidare med planen, og kan oppdatere denne gjennom valåret.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valstyret (Askvoll sokneråd) vedtek føreslege informasjons- og kommunikasjonsplan for kyrkjevalet 2023.

2. Kyrkjeverja er informasjons- og kommunikasjonsansvarleg for kyrkjevalet på valstyret sine vegner.

3. Kyrkjeverja arbeider vidare med planen, og kan oppdatere denne gjennom valåret.

FR 2023/10 Tilbygg Vilnes kyrkje - usemje om kontraktsendringar og oppgjjer

UTGREIING

Saka vart orientert munnleg om i møtet, då aktuelle saksforhold har oppstått to siste dagane før møtet.

Saka dreier seg om at det er usemje mellom soknet som byggherre og ein av entreprenørene i Vilnesprosjektet om kva endringar av kontrakten som er omfatta av hovudkontrakten og kva endringsmeldingar som skal godkjennast, avvisast og forhandlast vidare om.

Soknet har eit ikkje-betalt krav frå september 2022 på over 1,38 millionar. Soknet har fått varsel om at tvangsfullbyrding etter tvangsfullbyrdesloven og tvisteloven vil verte iverksett om ikkje kravet er betalt innan 8/2-2022. Evt. innsigelser må vere sendt før samme dato. Cowi som soknet sin prosjektrådgivar har sendt innsigelse samme dag som betalingsoppfordring vart motteke, då det ikkje ligg føre godkjenning av mottekne endringsmeldingar, og har bedt om kreditering av fakturaen, samt at oppgjevne forsinkingsrentar vert sletta.

Soknet som byggherre må godkjenne eventuelle endringsmeldingar for at kravet er tilrådd betalt. Cowi har gått gjennom mottekne endringsmeldingar og tilrår:
Avvising av nokre av endringsmeldingane, godkjenning av nokre og at nokre vert omdiskutert.

INNSTILLING

(Sett fram i møtet)

1. Askvoll sokneråd følgjer Cowi si tilråding når det gjeld godkjente endringsmeldingar, avvisite endringsmeldingar og endringsmelding til vidare forhandling.
2. Dette vert meldt til entreprenør snarast.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd følgjer Cowi si tilråding når det gjeld godkjente endringsmeldingar, avvisite endringsmeldingar og endringsmelding til vidare forhandling.
2. Dette vert meldt til entreprenør snarast.